



Tiltaksplan ved skulefråvær

Innholdsliste

Innleiing	2
1.0 Skulefråvær – omgrep og fråværsgrenser	3
1.1 Kva er høgt skulefråvær?.....	3
1.2 Gyldig og ugyldig fråvær	3
2.0 Kva er drivkreftene ved skulefråvær?.....	4
2.1 Risikofaktorar og tidlege teikn	4
2.2 Skulefråvær som problemløysingsstrategi	6
2.3 Oppretthaldande sirkel	7
3.0 Førebyggjande praksis	8
3.1 Fråværsrutinar	8
3.2 Føreseielege overgangar	8
3.3 Foreldresamarbeid.....	9
3.4 Psykososialt læringsmiljø.....	9
3.5 Fagleg læringsmiljø	10
3.6 Relasjon mellom lærar og elev	10
4.0 Når eleven har høgt fråvær: Bruk av tiltaksplan	11
4.1 Kartlegging og samtale med elev og føresette	11
4.2 Tiltaksmøte	14
4.3 Tilmelding til helseteam eller hjelpetenester	14
TILTAKSPLAN VED HØGT SKULEFRÅVÆR (samla oversikt)	15
Kjelder	16
Vedlegg	17 - 25

Planen er utarbeidd av: Sigrid Ystaas – kommunepsykolog i Radøy og Unni Helle Nordberg – leiar Radøy PPT. I samarbeid med arbeidsgruppe: Mette Rønhovde Marøy – avdelingsleiar ved Radøy ungdomsskule, Vigdis Villanger – inspektør ved Austebygd skule, Geirunn Valdersnes – familierettleiar ved Radøy barnevern, Jo Tømmerbakke – oppvekstsjef i Radøy kommune.

Forsidebilde: Skjeneflor Nøttveit - kulturminneplanradoy.blogspot.no

Innleiing

Tiltak i forhold til høgt skulefråvær har vore aktualisert både nasjonalt og i lokalt arbeid dei siste åra. Det er lagt vekt på at tidleg innsats er viktig også i forhold til skulefråvær, slik at elevar raskt kjem tilbake i vanleg gjenge. Dei tre strategiane frå Stortingsmelding 18 «Læring og fellesskap», vil vere retningsgjevande også for arbeidet med å redusere skulefråvær: Fange opp - følgje opp, målretta kompetanse – styrka læringsutbytte, samarbeid/samordning – betre gjennomføring (Kunnskapsdepartementet, 2011). Førebygging i form av skulemiljøtiltak for å fremje trygge elevrelasjonar og tillitsfulle relasjonar til dei vaksne på skulen er grunnleggjande i denne samanhengen. Det er òg tiltak for å fremje fagleg meistring.

Lokalt opplevde ein, som elles i landet, at fråværsproblematikk var aukande i førekomst, og ein opplevde at det var krevjande å nå fram med tiltak. Det var òg behov for å fornye eksisterande plan frå 2012: «Fråvær i skulen – retningslinjer». Samtidig ønskte både skulane og hjelpeapparatet i Radøy kommune meir kunnskap innanfor feltet «høgt skulefråvær». Det vart derfor sett ned ei arbeidsgruppe etter ønske frå skuleleiinga, rektorar, PPT og kommunepsykolog. Plangruppa har vore samansett av ein representant frå barneskule, ein frå ungdomsskule, oppvekstsjef, kommunepsykolog, familierettleiar og PPT. Denne tverrfaglege samansetjinga vart valt for å få ulike faglege vurderingar inn i arbeidet med planen. Arbeidsgruppa hadde sitt først møte i januar 2017 og tar sikte på å ha planen ferdig for implementering ved skulestart 2017/18.

I arbeid med «Tiltaksplan ved skulefråvær» har gruppa henta kunnskap og informasjon frå kurs, forskning og tilsvarande planar frå andre kommunar. Utkast til planen for Radøy kommune har vore drøfta og endra frå møte til møte i arbeidsgruppa. Den er lagt fram for vurdering i rektormøte, helseteam og skulehelsetenesta i juni 2017. Endringar er gjennomført i tråd med innspel frå desse møta. Planen vert presentert for lærarkollegiet ved skulane i Radøy før skulestart i august. Som ein del av implementeringsstrategien skal skulane informere føresette om rettar og plikter i forhold til skule. Det er planlagt å lage ein informasjonsbrosjyre for føresette. Planen og tema «skulefråvær» bør òg vere ein del av informasjonen i møte med føresette, både på fellesmøte og i møte med den enkelte.

«Tiltaksplan ved skulefråvær» er bygd opp slik at første del gjev innblikk i faglege vurderingar. Så følgjer sjølve tiltaksplanen, der fråværsgrenser og prosedyre er sett opp i eit «oversiktskart». Verktøy til bruk i arbeidet med å førebyggje, kartleggje situasjonen for eleven og finne tiltak, er utforma som analysekart, sjekklister, «tiltaksbank» og samarbeidsavtalar.

Tiltak gjennomført skuleåret 2016/17: Kommunepsykolog har saman med PPT starta med «Ressursteam» på alle barnehagar og skular i kommunen. For å bidra til auka kunnskap om temaet «høgt skulefråvær», har kommunepsykologen hatt føredrag om problematikken i ressursteam på skulane. Frå skuleåret 2016/17 er det etablert eit samarbeid med Norges jeger- og fiskerforbund om alternativ undervisning knytt til kystmiljø m.a. for elevar med høgt skulefråvær, TAM (Tryggleik, Ansvar, Motivasjon). Dette er eit tilbod som er godkjend av utdanningsdepartementet. Opplegget går over ein skuledag. Elevane søkjer om deltaking og gjer avtale om frammøte og innsats på skulen.

1.0 Skulefråvær – omgrep og fråværsgrenser

1.1 Kva er høgt skulefråvær?

Det er viktig å sette inn tiltak så tidleg som mogeleg dersom ein elev har høgt eller aukande skulefråvær. Dette gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven er borte frå skulen då vi veit at fråvær går utover elevens læring, og kan gi store sosiale og emosjonelle konsekvensar. Vanskar med å møte på skulen kan og bli sett på som eit signal om at ein elev strevar med noko og kan ha behov for ekstra oppfølging frå heim og skule. Fråværsplanen tar derfor utgangspunkt i at skulen skal vere merksam på alle typar fråvær, og vurdere tiltak når fråværet overstig grensa som er satt. I Radøy kommune blir skulefråvær definert som høgt dersom:

- Eleven er borte frå tre enkelttimar utan oppgitt grunn
- Eleven er borte tre dagar i løpet av ein månad
- Eleven kjem for seint to gonger i løpet av ei veke
- Eleven møter på skulen men forlèt undervisninga

Desse grensene er satt for å sikre at tiltak blir satt i gang tidleg i prosessen og for å hindre at skulefråvær blir langvarig.

1.2 Gyldig og ugyldig fråvær

Føresette skal gi beskjed til skulen dersom eleven er borte frå skuledagen eller enkelttimar. I hovudsak er gyldige grunnar for fråvær sjukdom, permisjon eller fråvær grunna forhold ein ikkje rår over. Ved fråvær utan at det er gitt beskjed skal skulen ta kontakt med føresette så raskt som mogeleg for å undersøke kvar eleven er og kva som er grunnen til fråværet. Ugyldig fråvær er alt fråvær som ikkje er dokumentert av føresette eller godkjent av skulen. Praksis kan og vere at alt fråvær blir kategorisert som ugyldig fram til skulen har fått beskjed frå føresette om grunn for fråværet og skulen har vurdert grunnen som gyldig. Når ugyldig fråvær blir avdekka tidleg kan ein komme raskt inn med tiltak, og ein forhindrar at situasjonen blir fastlåst.

Det er vanleg at elevar frå tid til anna må være borte frå skulen grunna sjukdom. Det er fråvær utover det ein tenker er normalt som skule og heim må være merksame på. Tilfelle der fråværet er svært høgt bør ikkje automatisk blir akseptert som gyldig sjølv om eleven sitt fråvær er meldt av føresette. Det er viktig å undersøke om det er rimelege grunnar til fråværet, til dømes ved å innhente legeattest, eller om andre faktorar kan bidra til fråværet og det bør blir satt inn hjelpetiltak.

2.0 Kva er drivkreftene ved skulefråvær?

2.1 Risikofaktorar og tidlege teikn

Barn si fungering blir til i det gjensidige samspelet mellom eigenskapar ved barnet og miljøet rundt barnet. Det er faktorar ved både barnet og omgivnaden som kan bidra til eller beskytte mot høgt skulefråvær. Fråværet kan bli utløyst av varierende og samansette grunnar, og dette kan gjere det vanskeleg å finne enkeltståande risikofaktorar. Dette krev at dei vaksne rundt eleven er merksame på heile situasjonen og leitar etter løysingar på fleire område. Tabell 1 viser oversikt over faktorar som kan utgjere ein risiko eller ressurs når det gjeld skulefråvær.

Tabell 1.

Elev	
Risiko	Ressurs
<ul style="list-style-type: none">○ Eleven er psykisk sårbar○ Eleven er svært inneslutta○ Eleven har prestasjonsangst○ Eleven er bekymra for noko utanfor skulen○ Eleven har lærevanskar○ Eleven strevar med sosialt samspel	<ul style="list-style-type: none">○ Eleven har eit positivt sjølvbilde○ Eleven har gode sosiale relasjonar på skulen○ Eleven opplever fagleg meistring○ Eleven har interesser/aktivitetar på fritida
Heim	
Risiko	Ressurs
<ul style="list-style-type: none">○ Psykiske lidningar hos føresette○ Vanskar med samspel i familien○ Manglande grensesetting○ Endringar i familiesituasjonen○ Føresette med negative erfaringar med skule	<ul style="list-style-type: none">○ God psykisk helse hos føresette○ Godt samarbeid mellom heim og skule○ Støtte i sosialt nettverk○ Tydeleg grensesetting
Skule	
Risiko	Ressurs
<ul style="list-style-type: none">○ Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær○ Dårleg klasse- og læringsmiljø○ Mobbing○ Lite kontinuitet i opplæringa – høgt lærarfråvær○ Låg kompetanse på psykisk helse hos barn	<ul style="list-style-type: none">○ Gode fråværsrutinar og tiltaksplanar○ God klasseleiing○ God og tilpassa opplæring○ Gode relasjonar mellom lærarar og elevar○ Godt samarbeid mellom heim og skule○ God informasjonsflyt ved endringar og overgangar○ Tidleg involvering av andre instansar

Dei generelle risikofaktorane kan kome til uttrykk i ulike typar åtferd, og tabell 2 gir eksempel på tidlege teikn ein bør sjå etter for å vurdere fare for utvikling av høgt skulefråvær.

Tabell 2.

Høgt fråvær:
<ul style="list-style-type: none">• Udokumentert fråvær: Tre enkelttimar• Høgt dokumentert fråvær: Tre dagar over ein månad• Kjem for seint to gongar eller meir i veka• Møter opp på skulen, men forlèt undervisninga
Teikn hos eleven:
<ul style="list-style-type: none">• Veldig sjenert eller inneslutta• Svært utrygg ved skulestart eller skulebytte• Snakkar aldri høgt i klassen• Snakkar ikkje med nokon eller berre nokre få vaksne eller medelevar• Går åleine i friminutta• Hyppig førekommande fysisk plager, som vondt i magen eller hovudet• Ser trist eller redd ut eller fortel om dette• Trekk seg unna sosiale situasjonar og/eller skulerelaterte aktivitetar• Viser utagerande åtferd, til dømes sinne når det stilles krav i skulekvardagen• Viser motstand mot å delta eller forsøker å unngå spesifikke fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen• Kontaktar føresette i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av skuledagen
Uro frå føresette:
<ul style="list-style-type: none">• Tar kontakt med skulen fordi eleven gir uttrykk for ikkje å ville gå på skulen• Blir verande lenge i leveringssituasjonen eller vil vere med inn i klasserommet utover det som er ordinære rutinar• Kontaktar eleven i skuletida fleire gongar for å sjekke at eleven har det bra

Kjennskap til drivkrefter bak skulefråvær saman med kunnskap om tidlege teikn på ei uheldig utvikling gir eit solid grunnlag for å møte og forstå høgt skulefråvær.

2.2 Skulefråvær som problemløysingsstrategi

Skulefråvær er eleven sitt forsøk på å handtere noko ho eller han strevar med og ikkje veit korleis dei kan løyse. Årsakene til kva som startar skulefråvær kan vere mange, og «jakta» på desse kan skape kjensle av avmakt og fordeling av skyld som ikkje er hensiktsmessig for samarbeid. Uavhengig av kva som sette i gong fråværet vil det vere nokon drivkrefter som motiverer eleven til å unngå skulen og oppsøke heimen. Tabell 3 viser korleis fråvær kan vere ein strategi eleven bruker for å unngå ubehag eller oppnå goder.


Tabell 3.

<i>Unngå negative opplevingar</i>	Flukt frå spesifikke situasjonar på skulen. Eleven unngår sosiale og/eller fagleg evaluerande situasjonar som utløyer ubehag. Dette kan omhandle frykt for mobbing, presentasjonar og fagprøvar, dusjing etter gymmen, eller kontakt med ein spesifikk lærar eller ein spesifikk aktivitet.
	Flukt frå truande kjensler på skulen. Eleven vegrar seg for å gå på skulen grunna generelt ubehag i skulesituasjonen. Skulen er den arenaen i barns liv der kjensla av å vere utanfor, einsam eller ikkje meistre kan bli sterk. Elevar som opplever sosiale vanskar, lærevanskar eller konsentrasjonsvanskar kan unngå skule for å sleppe kjensla av nederlag.
<i>Oppnå positive opplevingar</i>	Å få dekkja viktige behov ved å vere heime. Gruppa er kjenneteikna av at dei ved å være heime får dekkja behov som omsorg, tryggleik, fellesskap eller meistring. Om eleven opplever at foreldre er meir tilgjengelege når dei er sjuke kan dette bli ein positiv forsterkar for fråvær. Det kan vere spesielt vanskelig for føresette å vurdere behovet for å vere heime dersom eleven er plaga med langvarig eller diffus somatisk sjukdom. Elevar som opplever sosialt fellesskap og meistring i dataspill og rusmiljø kan òg vere i denne gruppa.
	Å løyse andre sine problem ved å vere heime. Elevar som blir heime frå skulen på grunn av noko som skjer heime. Dei tar ansvar for å løyse vaksenproblem fordi dei er bekymra for om foreldra ikkje har det bra, eller fordi det har skjedd store endringar i familien. Eksempel på dette kan være vald i heimen, sjukdom i familien, rusproblem hos ein forelder, eller krangling mellom skilte foreldre.

Ved å gi elevane gode meistringsstrategiar å bruke i situasjonar dei opplever som negative og gjere skulen til ei kjelde til positive opplevingar, vil behovet for å unngå skulen bli redusert og motivasjonen for å møte opp vil auke.

2.3 Oppretthaldande sirkel

Figur 1.




Alle elevar som er borte frå skulen opplever det same: Dei går glipp av mykje og får vanskar med å henge med fagleg og sosialt på skulen. Eleven merker dette sjølv og kjenner seg engsteleg for konsekvensane av å henge etter. Dei kan då kjenne det som ei overveldande oppgåve å ta dei andre igjen. Dette skapar angst og stress som forsterkar behovet for å unngå skulen, og fører til meir fråvær, som fører til at eleven heng endå meir etter. Dermed vil argumenta for å halde seg heime bli fleire, og slik vil fråværet i seg sjølv vere ein oppretthaldande faktor. Eit viktig prinsipp for tiltak blir då å hjelpe eleven med å bryte sirkelen ved å støtte sosial og fagleg meistring.

3.0 Førebyggande praksis

Skulen kan på fleire måtar førebygge høgt skulefråvær. Punkta i sirkelen under bør alle inngå i ein førebyggande praksis ved skulane.

Figur 2.



3.1 Fråværsrutinar

Gode rutinar for registrering og oppfølging av fråvær er viktig både i forhold til å fange opp elevar med skulefråvær tidleg og for å synleggjere for elevar og føresette at skulen prioriterer oppmøte. Mange elevar som utviklar eit høgt skulefråvær har over tid hatt sporadisk fråvær i form av enkelttimar eller dagar. Fråværsproblematikk som varar over tid fører ofte til at åtferda blir meir fastlåst og tilleggsvanskar kan oppstå. Det er derfor viktig at skulen gjennom sine prosedyrar for registrering av fråvær tidlig fangar opp elevar som står i fare for å utvikle eit høgt skulefråvær.

Føresette har ansvar for å gi beskjed dersom eleven er borte frå undervisninga. Timelærar og kontaktlærar registrerer fråvær i administrativt IKT-system. Timelærar har ansvar for å drøfte urovekkande fråvær og forseintkomming med kontaktlærar. Kontaktlærar summerer fråværet i gruppa kvar månad, og tek det opp med leiinga ved skulen dersom fråværet overstig grensene for høgt skulefråvær. «Sjekkliste for faste rutinar» (sjå vedlegg 1) gir ein oversikt over punkta i skulens prosedyrer for handtering av fråvær.

3.2 Føreseiелеge overgangar

Skulefråværsproblematikk har auka risiko for å oppstå ved skulestart og i overgangen til ungdomsskulen, ved flytting eller skulebytte, og etter lengre ferier og sjukefråvær.

I Radøy er det utarbeidd plan for overgang barnehage – skule, og faste rutinar for overgang mellom barneskule og ungdomsskule. Dette gjeld overføringsmøte mellom barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule. Dessutan er det samarbeidsmøte med føresette dersom eleven har spesielle utfordringar. Det vert gjennomført «prøvedag» for alle elevane om våren på ny skule, der eleven får møte ny kontaktlærar og ny klasse. Dersom eleven har behov for fleire besøk på skulen dei skal begynne på, vert dette gjennomført. Fråvær bør vere eige punkt i overføringsmøter.

3.3 Foreldresamarbeid

Skulen har ei lovfesta plikt til å legge til rette for samarbeid med heimen. Noko som er viktig for samarbeidet er at dei føresette opplever skulen som tilgjengeleg, og at det er ein open og tett dialog mellom føresette, lærar og leiinga. Læreplanverket for kunnskapsløftet presiserer at samarbeidet mellom skule og heim er sentralt både når det gjeld å skape gode læringsvilkår for den enkelte og eit godt læringsmiljø i klassen og på skulen for øvrig.

Skulen skal informere føresette ved skulestart om skulefråværsrutinar, tiltaksplanen, og skilnaden mellom gyldig og ugyldig fråvær. Skulen kan bruke føresette som ein ressurs ved å involvere dei gjennom utviklingssamtalar, foreldremøte og FAU.

For all intervensjon vil eit tett samarbeid mellom føresette og skule være avgjerande. Der ein er uroa for fråvær kan kommunikasjonen mellom skule og heim skje gjennom kontaktbok, e-post eller sms, daglige/vekelege telefonsamtalar, eller jamlege samarbeidsmøter. Skulen skal forklare foreldre kvifor dei vurderer skulefråværet som uheldig, gje informasjon om skulens rutinar og mogelege tiltak, og at beste hjelp vil være å auke oppmøte på skulen. Gjer føresette trygg på at skulen gjer sitt beste for at eleven skal ha det bra på skulen og gje nok informasjon om eleven sin fungering på skulen. Føresette kan ha behov for å vite korleis dagen har gått, og korleis skulen har planlagt neste skuledag. Dette vil både trygge føresette, samt kunne opne for at føresette kan ha samtalar med barnet for å gjere neste skuledag meir føreseieleg.

Det kan vere fortvilande å ikkje få barnet sitt på skulen, gje derfor støtte til føresette og anerkjenn utfordringane dei har. Dersom vi arbeider saman, får vi til meir.

3.4 Psykososialt læringsmiljø

Alle elevar har ei lovfesta rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø. I opplæringslova, kapittel 9a, «Elevane sitt skolemiljø», står det at «alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring». Det psykososiale miljøet inkluderer dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet oppfattar dette. Arbeid med å fremje eit godt psykososialt miljø blant elevane bidrar til å førebygge høgt skulefråvær. Aktuelle tiltak rettar seg mot å førebygge mobbing, auke elevane sin sosiale kompetanse og auke trivsel og fellesskap på skulen.

Trude Havik (2015) har i sitt doktorgradsarbeid blant anna undersøkt korleis faktorar knytt til psykososialt læringsmiljø har samanheng med skulefråvær. Ho finn at forholdet til medelevar er avgjerande for utvikling av skulefråværsproblematikk. På barnetrinnet er det å bli mobba ein svært

stor risikofaktor for skulefråvær, medan det er ei moderat samanheng på ungdomstrinnet. På ungdomstrinnet er det læraren si klasseleiing, i form av kontroll og relasjonar med den enkelte elev, som ser ut til å ha direkte betydning for både vegringsrelatert og skulkrelatert fråvær. Vidare visar funna at læraren kan førebygge skulevegring gjennom å arbeide med klassemiljøet, bygge gode relasjonar mellom elevane og ved å førebygge mobbing. Studien viser at det er viktig å vere raskt ute med å kartlegge faktorar på skulen når eit barn viser teikn til vanskar med oppmøte på skulen.

Det er fleire skuleprogram utvikla for å fremje eit godt læringsmiljø og prososial åtferd for elevar i risiko for negativ utvikling. I Radøy kommune har det vore arbeidd systematisk med skulemiljø gjennom lang tid. Mellom anna har programma Zero, Olweus og MOT vore brukt tidlegare. I dei fleste barneskulane er «Zippys venner» i bruk. Dessutan vert det arbeidd med «Mitt val», «Steg for steg» og ART på fleire av skulane. Radøy kommune har fått positive signal om statlege midlar til gjennomføring av nytt skulemiljøprosjekt. Dette er førebels ikkje avgjort, men kommunen orienterer seg om kva program som vil vere aktuelt å innføre.

Ei oversikt over anbefalte program og skildring av desse finn du på:

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/>

www.forebygging.no

www.udir.no

www.ungsinn.no

3.5 Fagleg læringsmiljø

Tilpassa opplæring er ein viktig ressursfaktor som kan hindre utvikling av høgt skulefråvær. Tilpassa opplæring bygger på kunnskap om og forståing av eleven sine sterke og svake sider når det kjem til læring. Læringa førekjem i området mellom det eleven kan og det eleven står i tur for å kunne. God tilpassa opplæring kan førebygge utvikling av høgt fråvær fordi den tar utgangspunkt i elevane sine ulike behov, evner og situasjon. Ei systematisk og vellykka tilpassa opplæring krev at læraren har god innsikt i elevane sine faglege og sosiale ressursar. Pedagogisk kartlegging, dyktige lærarar, samarbeid med eleven og føresette er nødvendige element når tilpassa opplæring skal utformast. For nokon kan det å redusere dei faglege krava ein periode, og ha fokus på aktivitetar dei meistrar, vere riktig tiltak.

Enkelte elevar som strevar med oppmøte er lite motivert for skulearbeid og engasjerer seg ikkje i det faglege arbeidet. I slike tilfelle er det viktig å stille krav til eleven, til tross for at eleven viser tydelig at han ikkje vil arbeide. Eleven sitt arbeid må likevel bli tilpassa slik at eleven opplever meistring i det han gjer.

3.6 Relasjon mellom lærar og elev

Utdanningsdirektoratet (2016) framhevar at relasjonen mellom lærar og elev er av svært viktig for elevane sitt læringsutbytte og åtferd, og at det å bygge positive relasjonar med elevane er ei oppgåve som alle lærarar har. Vidare legg dei vekt på at gode relasjonar til elevane blir utvikla gjennom fagleg og emosjonell støtte. Emosjonell støtte kan vere å hjelpe eleven med sosialt samspel og problemløysing. Det kan òg handle om å få eleven til å kjenne seg sett gjennom augekontakt, klapp på skuldra, ros, personlege kommentarar og humor. Fagleg støtte er å møte

eleven med varme, positive forventningar og genuin interesse for at dei skal meistre og utvikle seg. Ein god relasjon til læraren er viktig for alle elevar, men spesielt for elevar som strevar på skulen.


4.0 Når eleven har høgt fråvær: Bruk av tiltaksplan

Eit viktig prinsipp for arbeid med å forhindre høgt skulefråvær vil vere tett samarbeid mellom skule og heim, og rask igangsetting av tiltak der det er nødvendig. Radøy kommune har derfor utarbeidd ein trinnvis tiltaksplan som inneheld praktiske verktøy og konkrete tiltak for bruk når skulen er uroa over ein elev sitt fråvær.

4.1 Kartlegging og samtale med elev og føresette

Når ein elev sitt skulefråvær overstig fråværgrensene som er satt skal kontaktlærer ta dette opp med leiinga på skulen og ta kontakt med føresette for å undersøke kva som er bakgrunnen for fråværet. Dersom det er usikkert kva som er årsaka til fråværet eller ein av andre grunnar er uroa for eleven sitt fråvær, skal det gjennomførast samtale mellom kontaktlærer, føresette og elev. Ein kan saman vurdere om eleven skal vere med i samtalen med føresette eller om kontaktlærer bør ha eigne samtalar med eleven. Samtalane skal både vere ein del av kartlegginga av faktorar som er knytt til fråværet, men òg vere eit viktig tiltak for relasjonsbygging mellom føresette/eleven og dei vaksne på skulen. Skulen og føresette kan ha ulik oppfatning av kva som er årsaka til skulefråværet, men målet for samtalen skal vere å kome fram til eit samarbeid rundt tiltak som kan betre situasjonen. Uavhengig av årsaka til fråværet skal ein i samtalen vere innom alle områda i figur 3 gjennom bruk av «Sjekkliste for første samtale» (vedlegg 2). Ein kan òg bruke tankekart (sjå vedlegg 6) som utgangspunkt for samtale. Områda er valt med bakgrunn i det vi veit om kva som har innverknad på barn og unge (sjå tabell 1). Helsesøster kan vere ein nyttig støttespelar, og dersom føresette/elev gir samtykke til det bør ho bli informert om situasjonen.

Figur 3.



I samtalen kjem ein fram til samarbeidsavtale mellom skulen, føresette og eleven som skal innehalde konkrete tiltak (sjå vedlegg 4). Det bør òg skrivast referat frå møtet. Tabell 4 viser døme på utfylling av samarbeidsavtale. Ein meir utfyllande oversikt over mogelege tiltak er tatt med i tabell 5. Tiltaka skal gjennomførast systematisk i to veker og deretter bli evaluert. Dersom ein vurderer at tiltaka ikkje har ønska effekt går ein til neste steg i tiltaksplanen.

Tabell 4.

Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Teikn på betring	Behov for støtte/ressursar
For stort arbeidspress	Redusere arbeidspress ved å fjerne konkrete oppgåver	Kontaktlærer møtar elev kvar måndag morgon for å gå gjennom veka. Eleven får ein periode velje vurderingsform (munnleg/skriftleg) evt velje vekk nokon skuleoppgåver.	Kontaktlærer har samtalar med eleven og gir nødvendig informasjon til faglærare. (evt elev dersom alder tilseier)	Eleven kjem til samtalar med kontaktlærer og følgjer opp avtalar.	Rektor har ansvar for å frigjere kontaktlærer. Alternative prøvar blir gjort med faglærer.
Vanskeleg å gå heimefrå grunna utrygg på skuleveg	Redusere frykt for skuleveg.	Føresette følgjer eleven til skulen sjølv om han seier at han har vondt magen. Lærer møter eleven om morgonen. Tar følgje med vener til skulen.	Kontaktlærer og føresette.	Eleven møter på skulen sjølv om han kjenner ubehag.	Rektor frigjer lærar til å møte eleven i avtalt periode.
Ingen å vere med i friminutta.	Eleven skal delta i aktivitetar saman med medelevar i friminutta.	Aktivitetsgrupper i friminutta (t.d. spelgruppe) og assistent hjelper eleven med å delta. Føresette hjelper eleven med å bygge relasjonar til medelevar på fritida.	Kontaktlærer, assistent og føresette.	Deltaking i aktivitetsgrupper og elevens oppleving.	Rektor frigjer assistent til å vere med i alle friminutt i avtalt periode.
Eleven er mykje sjuk med vondt i magen.	Eleven går på skulen sjølv om sjølv om ho har noko vondt i magen.	Legesjekk. Terskelen for å vere heime blir heva. Eleven går til kontaktlærer dersom vondt i magen. Eige rom til å kvile.	Føresette bestiller legetime. Kontaktlærer reserverer grupperom.	Kjem på skulen sjølv om ho kjenner ubehag. Går ikkje heim dersom ubehag.	Kontaktlærer reserverer grupperom. Helsesøster blir unnretta og prioriterer samtalr med eleven.

Tabell 5.

Tiltak på skulen	Sosiale tiltak på skulen	Tiltak i heimen
<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegg den sosiale og faglege situasjonen til eleven. • Vel tiltak som er minst moglege stigmatiserande og som opprettheld elevens integritet. Dei aller fleste elevar urorar seg for å skilje seg ut og dette vil vere styrande for kvar for tiltak dei ønskjer rundt seg. • For eldre elevar er det viktig at ein kjem fram til tiltak saman med dei. • Etabler og ta vare på positive relasjonar til vaksne på skulen slik at eleven kjenner seg trygg. • Ha rutinar og struktur for skuledagen slik at eleven veit kva som skal skje. • Bli møtt av ein fast person ved skulestart, gjerne på fast tidspunkt og stad. • Daglege/vekelege samtalar med eleven med fokus på fagleg og sosial støtte. • Tilpass undervisninga og fokuser på dei faga eleven meistrar. • Førebu og informer eleven ved endringar i rutinar. Spesielt ved «anarleis dagar» som turdagar og høgtidsdagar. Ver obs på at enkelte elevar vil kunne ha behov for detaljert informasjon til dømes kven eleven skal gjere gruppearbeid med, sitte ved sida av på bussen m.m. • Gje eleven alternativ til å reise heim frå skulen når noko blir vanskeleg. Gjer avtalar om at dersom eleven kjenner uro kan ho gå til helsesøster, sosiallærer, kontoret eller få ein pause på eige rom. • Gjer individuelle avtalar om at eleven for ei periode kan sleppe å svare munnleg i klassen. • For elevar som har behov for ei gradvis tilbakeføring til skulen kan det for ei periode bli gitt opplæring i mindre grupper eller individuelt på skulen. • Informer klassen om eleven sitt fråvær dersom elev og føresette gir samtykke. Kva for informasjon som skal bli delt bør bli avklart med eleven/føresette. 	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid kontinuerlig med det psykososiale miljøet i klassen. • Sørg for at eleven held frå med å ha kontakt med medelevar om eleven ikkje er eller er lite på skulen. Dette kan bli gjort gjennom: <ul style="list-style-type: none"> – Besøk frå klassekameratar og kontaktlærer – Brev frå klassen – Be elevar i klassen om å sende hyggelege tekstmeldingar – Be elevar om å oppsøke eleven på fritida. - Vere bevisst elevens plassering i klasserommet. La eleven velje kor ho skal sitte og kven som skal sitte i nærleiken. - Tilby faste aktivitetar på skulen med eleven og lærar, eller med eleven og utvalte klassekameratar. - Skap føreseielege friminutt og trygge sosiale arenaer ved i gangsetting av faste aktivitetar (t.d. speleklubb, bokklubb, teikneskule). - Sørg for at eleven har nokon å gå saman med til/frå skulen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Føresette må vere tydelege på at barnet skal møte på skulen og at hen kan meistre det. • Føresette bør tydeleg kommunisere at dei er einige og støtte kvarandre i å få barnet på skulen. • I nokon tilfelle vil det vere lurt at føresette for ei periode bytter oppgåver i forhold til barnet. • Held på ei fast og tydeleg døgnrytme i heimen. Ei sein døgnrytme kan gjere det vanskeleg for barnet å stå opp og motivere seg for skulen. • Ha ei fast morgonrutine og pass på å ha god tid før skulen startar. • Når barnet er heime frå skulen gjer dagen lik ein skuledag med krav om utføring av skulefaglege aktivitetar. • Barnet bør ikkje få tilgang til TV, PC-spill eller hyggelege aktivitetar med føresette i skuletida når barnet er heime frå skulen. • Føresette som er heime på dagtid vil i nokon tilfelle forsterke barnet sitt høge fråvær eller skulevegning. Føresette bør vurdere om dei i ei periode kan utføre aktivitetar utanfor heimen i skuletida. • Gje ulike formar for belønning og ros ved oppnådde delmål. • Motiver barnet og styrk trua på at dei kan meistre kvardagen. • Gjer hyggelege aktivitetar med barnet utanom skuletida. • Hjelp barnet til å ta initiativ med jamnaldrande på fritida. • Held på barnet si deltaking på fritidsaktivitetar. • Ikkje la skulefråværet vere det einaste temaet i familien.

4.2 Tiltaksmøte

I tiltaksmøte deltek også leiinga ved skulen og helsesøster. Formålet med møtet er å evaluere tiltaka som er gjennomført dei siste vekene og vurdere situasjonen etter «Sjekkliste for tiltaksmøte» (vedlegg 3). Spørsmåla her byggjer på same prinsipp som i første samtale (sjå figur 3). På møtet bør ein klargjere kva som har fungert og ikkje fungert i perioden og om tiltaka i samarbeidsavtalen er blitt gjennomført slik som avtalt. Det bør òg bli drøfta kva for nye tiltak som kan vere aktuelle for å betre situasjonen for eleven slik at oppmøtet aukar. Skriv ny samarbeidsavtale og referat frå møtet. Tiltaka skal gjennomførast systematisk i to veker og deretter bli evaluert. Dersom ein vurderer at tiltaka ikkje har ønska effekt går ein til neste steg i tiltaksplanen.

4.3 Tilmelding til helseteam eller hjelpetenester

Finn ein behov for råd og rettleiing ved neste evaluering må ein vurdere tilmelding. Kommunen sitt helseteam bør nyttast dersom saka er samansett og treng vurdering frå ulike fagpersonar. Helseteamet har faste møtetidspunkt, men kan ta ekstra møte dersom det er behov og det er lenge til neste møte. Ein kan drøfte ønske om møte med leiar for helseteamet. Om det er aktuelt med direkte tilmelding til ein eller fleire av hjelpetenestene, følgjer ein vanleg prosedyre for dette. Hjelpetenestene følgjer opp saka etter sitt mandat i samarbeid med heim og skule.

Tiltaksplan ved høgt skulefråvær

FRÅVÆRSGRENSER (Bruk sjekklister for faste rutinar, vedl. 1)

Vurdèr ved:

- ❖ Udokumentert fråvær: Tre enkelttimar
- ❖ Høgt dokumentert fråvær: Tre dagar over ein månad
- ❖ Kjem for seint to gongar eller meir i veka
- ❖ Møter opp på skulen, men forlèt undervisninga

Første samtale ved høgt fråvær: Informèr leiinga ved skulen. Kontaktlærer kallar inn til samtale med elev og føresette for å avdekke årsak til fråværet og samarbeide om tiltak for å redusere fråvær. Kontaktlærer kartlegg situasjonen saman med elev og føresette. Bruk sjekklister for første samtale (vedl.2). Lag avtale om tiltak (vedl.4). Evaluering av situasjonen innant to veker. Informèr helsesøster etter samtykke frå føresette (samtykkeskjema vedl.5).

Tiltaksmøte: (Dersom fråværet heldt fram) Rektor/leiinga kallar inn til tiltaksmøte med føresette, kontaktlærer og helsesøster. Ein må vurdere om eleven skal delta. Møtet evaluerer situasjonen for eleven og vurderer tiltak ift. elevmiljø, fagleg meistring, heimesituasjon, somatisk og psykisk helse. Bruk sjekklister for tiltaksmøte (vedl.3) Lag avtale om tiltak (vedl.4). Evaluering av situasjonen innant to veker. Vurdèr tilmelding til helseteam eller ei av hjelpetenestene.

Tilmelding til Helseteam: Dersom saka er samansett og ein treng vurdering frå fleire faginstansar, brukar ein helseteam. Saka kan drøftast anonymt eller føresette kan delta. I helseteam vert saka drøfta saman med fagpersonar innanfor tenestene: helsestasjon, psykisk helse, kommunepsykolog, barnevern og PPT. Helseteam gjev rettleiing om tiltak, eller råd om tilvising til ein eller fleire av hjelpeinstansane. Helseteam har faste møtetider, men kan i særlege høve mobilisere innan ei tidsramme på ei til to veker frå saka er meld.

Tilmelding til ei av hjelpetenestene: t.d. PPT, kommunepsykolog, barnevern (evt. v/familierettleiar), fastlege. Sjå eigne tilmeldingsskjema. Først bør saka drøftast med aktuell hjelpeteneste vedr. tilmelding, evt. drøft på ressursteam med PPT.

Tenesta/tenestene følgjer opp saka etter sitt mandat i samarbeid med heim og skule:

Dersom behov for kartlegging/oppfølging frå spesialisthelsetenesta, vert dette samordna mellom tenestene i samarbeid med føresette, skule og fastlege.

Kjelder

Drammen kommune (2016). *Bekymringsfullt fravær – veileder for tidlig intervensjon og tverrfaglig samhandling i Drammen kommune.*

Fylkesmannen i Hordaland: *Fagsamling om skulevegning hos risikoutsette barn og unge* (06.04.2017)

Havik, T. (2015). *School non-attendance. A study of the role of school factors in school refusal.* Doktoravhandling, Universitetet i Stavanger.

Kearney, C.A. (2001) *School refusal behavior in youth. A functional approach to assessment and treatment.* Washington, DC: American Psychological Association.

Kristiansand kommune (2016). *Elever som uteblir fra skolen – en veileder for skolen.*

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (1998) HTML: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> Hentet 01.08.2017.

Nittedal kommune (2017). *Hver dag teller – veileder for forebygging og oppfølging av alvorlig skolefravær.*

Otnes, A. (2016). *Å kurere gruff - en fremgangsmåte for samarbeid rundt barn og ungdom med skolefravær.* Specialistoppgave i klinisk barne- og ungdomspsykologi.

Radøy kommune (2012). *Fråvær i skulen – retningslinjer.*

Utdanningsdirektoratet (2016). *Lærer-elev relasjonen.* HTML: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/psykososialt-miljo/larer-elev-relasjonen/> Hentet 01.08.2017.

Vaksdal kommune, oppvekst (2015). *Handlingsplan ved høgt fråvær.*

VEDLEGG

Sjekkliste faste rutinar (Heng opp på synleg tavle!)

Kva	Kven	Tidsfrist	Kommentar
Informasjon om prosedyre ved fråvær i personalet			
Informasjon om prosedyre ved fråvær til føresette			
Informasjonsbrosjyre (evt. lenke til heimeside)			
System for føring av fråvær			
System for kor tid og på kva måte føresette skal melde fråvær			
Rutine på skulen for å etterspørre elevar som ikkje er komne på skulen			
Rutine på skulen for å etterspørre elevar som er over grensene for fråvær			
Er prosedyre innarbeidd i skulen sitt reglement?			
Anna?			

Høgt skulefråvær: Sjekkliste for første samtale (kontaktlærer, elev, føresette) Bruk evt. tankekart, vedl. 6

Kartlegging	Repetèr teoridel! Bruk tiltaksbank!
Kva fag/aktivitetar likar eleven? Kva er eleven god på?	
Er det fag eller aktivitetar eleven ikkje likar? Kvifor?	
Er det noko eleven opplever som trist eller ubehageleg? Er det noko som gjer eleven flau, redd, nervøs, sint?	
Kven av dei andre elevane kjenner han/ho seg trygg på?	
Kven av dei vaksne på skulen kjenner han/ho seg trygg på?	
Veit eleven kva som er plan for dagen og læringsøkta? Kva lærar/assistent som er i timen?	
Friminutta: kva aktivitetar /med kven?	
Korleis er det på skulevegen/skulebussen?	
Fritid: aktivitetar? vener?	

<p>Mobil-/databruk: korleis er kommunikasjonen i sosiale medier? Tidsbruk med dataspel i forhold til andre aktivitetar og søvn.</p>	
<p>Struktur i kvardagslivet: måltid, leggetid, leksetid</p>	
<p>Er det noko utanfor skulen som uroar eleven?</p>	
<p>Forhold i familien: Fordeling av ansvar og omsorg mellom føresette? Samarbeid/felles målsetting mellom føresette? Sjukdom i familien? Andre forhold som kan verke inn på eleven si helse og trivsel?</p>	
<p>Korleis ønskjer eleven at kvardagen skal vere?</p>	

Kommentarfelt:

Høgt skulefråvær: Sjekkliste for tiltaksmøte (rektor, inspektør/spes.ped.koord., kontaktlærer, helsesøster, føresette, evt. elev) Bruk evt. tankekart, vedl. 6

Samtale om:	
Korleis er situasjonen for eleven ift. spørsmåla frå første samtale? (endringar ? - rask gjennomgang)	
Korleis opplever føresette eleven sin trivsel på skulen og i fritida?	
Har eleven uttrykk som føresette oppfattar som trist, sint, redd, flau,...	
Korleis er morgonen når eleven skal på skulen?	
Kva skjer når eleven er heime i skuletida? (tilsyn, aktivitet)	
Nattesøvn?	
Matlyst/måltidsrytme/ fysisk aktivitet?	
Opplever eleven fagleg meistring?	
Kontakt med jamnaldringar? (kven, kor ofte, kva aktivitet)	
Helse - undersøking hos fastlege?	

Har det skjedd endringar eller hendingar i familien som kan forklare eleven sine vanskar? (skilsmisse, flytting, sjukdom)	
Avtale konkrete tiltak: Tiltak på skulen: organisatorisk, pedagogisk og sosialt . Tiltak i heimen ift. rutinar, omsorg, fritid, vener, bruk av data/mobil. Avtale om evaluering innan to veker.	
Informasjon om «Tiltaksplan ved høgt skulefråvær» – tilmelding til Helseteam.eller ein av hjelpetenestene (PPT, kommunepsykolog, familierettleiar, barnevern.	

Kommentarfelt:

Samarbeidsavtale ved høgt skulefråvær

Elev:

Møtedato:

Stad:

Desse møtte:

Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Teikn på betring	Behov for støtte/ressursar

Behov for helsesøster/kommunepsykolog/PPT/familierettleiar/barnevernsteneste?

(NB: Fyll ut samtykke til samarbeid og utveksling av informasjon, vedl. 5)

Dato for oppfølgingsmøte:

Underskrift:

Elev:

Føresette:

Kontaktlærer:

Skuleleing:

Helsesøster:

Andre:

Samtykkeskjema

Eg/vi gjev samtykke til samarbeid og utveksling av informasjon mellom tenestene

- Skule
- Skulehelsetenesta
- PPT
- Kommunepsykolog
- Barnevern/familierettleiar
- Psykisk helse
- Andre

Føremål med utveksling av informasjon:

Tidsrom:

Dato:

Underskrift:

Føresette:

Elev:

Tankekart – analysemodell:

